

Kyrkje- bladet

Nr. 2/22
INFORMASJON
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 10 -

LOKE PÅ T8-DAG I FOLDNES

- SIDE 4 -

BASECAMP MATBANK

- SIDE 6 -

ÅRETS KONFIRMANTAR

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 5 gongar i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellestråd

Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk utforming:
Yngvild Mørner Sørheim

Framsidedeilete: Loke og Kine på T8-dag i Foldnes kyrkje

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Molvik Grafisk AS



Bankgiro

Kyrkjebladet: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet: 10. mai

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:
1506.35.46523

LEIAR

Tillit.

På søndagsskulen lærte vi at Gud ofra sonen sin for oss i påska. Det er ikkje feil – men korleis må dette ha sett ut for Jesus?

Vi må ha lov å kalle Jesus ein suksessrik forkynnar, menneskeleg sett. Han fekk folket med seg, han klarte å snu dei fellene som dei skriftlærde sette opp for han. Han dreiv ut vonde ånder, lækte og vekte opp menneske frå dei døde. Kunne noko i det heile stoppa han?

Så kom vi til skjærtorsdagskvelden og Jesus visste kva som venta han. Kvifor godtok mennesket Jesus det? Som sann Gud kunne han forstå det, men som sant menneske? Korleis kunne han, som sant menneske, gå inn i ein smertefull død utan å klage?

Dette må ha med tillit å gjere. Grenselaus tillit frå mennesket Jesus Kristus til Far hans i Himmelen.

Samfunnet vår er eit tillitssamfunn, fortel dei som forskar på slikt. Vi har tillit til dei som styrer oss, men ikkje grenselaus tillit. Få statsleiarar i verda (om nokon i det heile) har den typen tillit i folket sitt.

Dag-Olav Bjørøy

Leiar i Øygarden kyrkjelege fellestråd



Kva er det som gjer at nokon får tillit? Er det talegøver? Elegant framtoning? Bøllele oppførsel? Langvarig og nyttig arbeid for andre? Eller?

Ei undersøking frå Storbritannia viser at den yrkesgruppa med høgast tillit, er sjukepleiarane (93%). Liknande resultat finn vi frå andre land, også frå Norge. Men sjukepleiarane står ikkje fram som dei store talarane (eller bøllene), dei arbeider ganske stille for alle pasientane sitt beste. Dei viser omsorg og nestekjærleik i praksis, uavhengig av statusen til pasienten.

Etter triumftoget inn i Jerusalem brukte Jesus tida på å undervise folket og læresveinane. I Matteus 25, 31 og utover, står det eit avsnitt som vi kanskje skal lese om att no når vi møter den største humanitære krisa i Europa på mange, mange år. «.....Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.».

Jesus er tydeleg på kva han ventar av oss. Og vi kan ha grenselaus tillit til at han vil det beste for oss – og for medmenneska våre!


God påske!

Kontigent for Kyrkjebladet

Den frivillige kontingenten for Kyrkjebladet har vore uendra i svært lang tid. Samtidig har kostnadene med å produsere bladet auka, og redaksjonen set no opp den frivillige kontingenten til kr 300 pr. år innan Fjell, Landro og Foldnes sokn og kr 350 utanfor sokna. Vi vonar lesarane våre har glede av Kyrkjebladet, og at mange vil bidra til bladet ved å betale kontingenten.

For å gjere det enklare å gje har vi oppretta eit felles Vippsnummer for alle kyrkjeblada i Øygarden: 736342. Ein kan også scanne QR-koden som vil ta deg direkte til Vippsida til kyrkjeblada. Eller ein kan gje til bankkonto: 1503.84.37590.

Takk til alle som bidrar!
-Redaksjonen



Innhald

BASECAMP MATBANK	4-5
FLYKTINGAR FRÅ UKRAINA ER VELKOMNE	5
ÅRETS KONFIRMANTAR	6-7
GLIMT FRÅ BASAREN I LANDRO	8
AKSJON GODHEIT FOR 8. GONG	9
LOKE PÅ T8	10
FRIVILLIGE I FJELL KYRKJE	13
T-DAGEN	15
ØYGARDEN KYRKJEBRASS	17
GUDSTENESTE OVERSIKT	18
LIVETS GANG	19

Smi sverda om til plogskjær!

Dei skal smi sverda om til plogskjær og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig. - Jes 2, 4

Kva kan vi seie og gjere når krigen har brote ut på vårt kontinent? I fredsparken utanfor FN-bygningen i New York står det ein skulptur. Vi ser ein mann som er i ferd med å smi noko om. Det har vore eit gedigent sverd. Våpenet er i ferd med å bli bøygd og bli til noko anna. Denne skulpturen er utforma med utgangspunkt i ein sterk bodskap frå Bibelen. Det er ein fredsvisjon, formulert av profeten Jesaja: Smi sverda om til plogskjær!

Det er eit NEI til bruk av våpen, til alt som skadar og drep menneske. Det er eit JA til jordbruksreiskap, som gjer at mat kan dyrkast. Eit JA til alt som gjev liv og helse, glede og fellesskap.

Lengtar alle menneske etter fred, - fred på innsida, med sine medmenneske og mellom nasjonar? Eg trur det. Den gamle visjonen er

evig aktuell. Vi kan i desse dagar løfte fram Bibelens fredsvisjon, hjelpe dei som har flykta og støtte ulike hjelpe-organisasjonar.

La oss hugse han som vert kalla Fredfyrsten. Jesus er ein realist. Han



Let Us Beat Swords into Plowshares, en skulptur av Evgeniy Vuchetich
Foto: Neptuul, commons.wikimedia.org

Knut Kaldestad
Prospirest



seier at det til alle tider vil bli «krig og rykte om krig». Men når det spissar seg til rundt han og dei som ville kjempe for han ville trive til våpen, sa han: «Stikk sverdet i slira!». Jesus var heilt tydeleg: «Sæle er dei som skaper fred, dei skal kallast Guds born!» Alle kan vi vere fredsskaparar, her vi bur. Og vi kan be om at alle som har makt og ansvar, må ha evne og vilje til å skape rettferd og fred.

Vi kan be og appellere til Gud. Den jødiske rabbi i Ukraina har oppfordra alle trussamfunn i landet til å be med ord frå Salme 31 i Bibelen. Det gjer dei alle. - La oss be, saman med dei:

Herre, eg søker tilflukt hos deg, lat meg aldri bli til skamme! Fri meg ut i di rettferd! - Vend øyret til meg, skund deg og redd meg! Ver meg eit vern og eit berg, ei borg til frelse! - Du er mitt fjell og mi borg; for ditt namn skuld fører og leier du meg. - I dine hender gjev eg mi ånd, du løyser meg ut, Herre, du trufaste Gud.

Basecamp Matbank

Basecamp Matbank er ein matbank lokalisert på Straume i Sartorvegen 16. Vi hentar overskotsmat frå matbutikker i regionen og distribuerer maten til menneske og organisasjonar som har behov for den, samstundes som ungdom får arbeidspraksis.

TEKST: JON ANDREAS TJENTLAND
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Torsdag 10. februar hadde me gleda av å opne Basecamp Matbank. F.v.: Håkon Lyngøy, Jon Andreas Tjentland og ordførar Tom Georg Indrevik.

Bakgrunn

Tilbake i 2014 fekk Basecamp i stand eit samarbeid med Coop Obs på Sartor Storsenter for å gjere bruk av matvarer som skulle kastast. Sidan den gong har Basecamp fått matvarer til bruk til dei ulike tiltaka foreininga driv. Dette har vore ei god ordning som har tent Basecamp, Coop Obs og miljøet. Basecamp har spart mykje pengar på innkjøp av mat, og ungdommane har fått

servert meir og sunnare mat i regi av Basecamp. I løpet av åra har det kome fleire henvendingar frå andre organisasjonar og kommunale instansar som har ønska eit samarbeid rundt utdeling av mat. I dei ulike tilfella har Basecamp kunne bidra med mat både til enkelt-familiar og til organisasjonar. Med dette som bakteppe voks draumen om å etablere Basecamp Matbank fram.

Støtte til å etablere matbank

Våren 2021 fekk Basecamp innvilga støtte fra Arbeids- og velferdsdirektoratet til å starte Basecamp Matbank. Her skal ungdom mellom 16 og 25 år, som står utanfor arbeidslivet, få arbeidspraksis og hjelp til å kome ut i arbeid/utdanning. Maten skal hentast frå butikkar i regionen, og distribuerast til menneske som har behov for dette. Til no har ein avtale med ei rekke forskjellige butikkar:

Kiwi på Skogsvåg, Spar på Steinsland, Europris på Ågotnes, Spar på Rong og Billy, Europris og Coop Obs på Sartor. Allereie har ein delt ut over 300 handleposar med mat til husstandar i Øygarden kommune.

Kan du tenkje deg å hjelpe til?

Basecamp Matbank er eit tidkrevjande prosjekt, vi er derfor på jakt etter frivillige medarbeidarar til prosjektet. Ta kontakt med frivillighetskoordinator og miljøterapeut Anette Kålås i Basecamp dersom du kan tenkje deg å bidra enten med henting av mat eller matutlevering på Basecamp Matbank! Vi har og behov for pengar til prosjektet, dersom du kan tenkje deg å gje kan du nytte vippsnummeret til Basecamp Matbank: 732699.



Det var varehussjef Cathrine Henriksen som fekk klippe snora til Matbanken.


Øygarden ønskjer flyktningar frå Ukraina varmt velkomne

Det er vanskeleg å ta inn over seg og forstå omfanget av lidingane det ukrainske folket no opplever. Folk i Øygarden ønskjer å hjelpe! Dette var tydeleg på samarbeidsmøte i regi av UDI, Hero Norge og Øygarden kommune på Straume 16. mars, der 20 ulike lag og organisasjonar møtte fram.

I Øygarden kommune er det oppretta eit akuttmottak for flyktningar på Nautnes, og kommunedirektøren har fått fullmakt til å busette 250 ukrainske flyktningar i kommunen. På akuttmottaket skal flyktningane vere så kort tid som mogeleg, før dei vert busett anten i Øygarden, eller andre stader i landet.

Dette betyr at flyktningane vil trenge hjelp både på kort og på lang sikt.

På kort sikt er det akuttmottaket på Nautnes som koordinerer behov og hjelp. Kyrkja har vore i kontakt med akuttmottaket, og har meldt at vi ønskjer å bidra.



Øygarden kommune har oppretta ei e-postadresse der ein kan melde seg dersom ein ønskjer å hjelpe: ukraina@oygarden.kommune.no. På Øygarden kommune si nettside finn ein også meir informasjon under enmeknaggen "Krigen i Ukraina".

På litt lenger sikt vil mange ukrainarar verte busett i våre nabolag. Dei treng omsorg, varme, fellesskap, aktivitetar og praktisk hjelp. Det kan vere utsyr, skyss til og frå butikk/helsesenter, det kan vere fadderfamiliar som kan opne heimen sin og ta dei med på ulike aktivitetar, invitasjon til bursdagsfeiringar og andre hendingar.

Vi vil også ønskje dei ukrainske flyktningane varmt velkomne til kyrkjene i Øygarden, til alle våre fellesskap og aktivitetar. Framover ønskjer vi at frivillige melder seg for å ta imot dei nye naboane som vil høyre til i våre fellesskap. Ta kontakt med diakon Astrid Fylling på e-postadresse af226@kyrkja.no dersom du ønskjer å bidra.

Annlug Børve,
kyrkjeverje



Konfirmantar 2022



FJELL KYRKJE

14. MAI KL. 10.30

Kristoffer Ekren
Leah Kiera Hagenes Ekren
Nils Mathias Elvebakk
Henrik Fjeld Fretland
Malin Grønhaug
Lykke Marie Grønn-Jensen
Anders Heie
Natalie Høgøy Helle
Emma Hjartøy
Hilda Hjartøy
Silje Instebo
Jan Fredrik Fondevik Iversen
Mia Lund Janson
Elise Mosaker Lunde
Aaron Hersvik Løland
Ida Nordvik
Sigrid Nesinum Nordvik
Mathilde Sandvik
David Skoge
Ole Antonio Bergtun Spjeld
Elise Straume

14. MAI KL. 12.30

Konrad Algrøy
Thea Marie Busengdal
Joar Gustaf Caling
Jakob Tellnes Eide
Kristin Endal
Tobias Emil Solsvik Fjell

Julian Solsvik Fjørstad
Erik Gregersen
Sebastian Tellnes Halvorsen
Hannah Vallestad Havre
Nora Engh Hernar
Joachim Lyngøy
Adrian Midttveit
Andreas Børnes Sandvik
Noora Birgitte Trengereid
Adrian Jensen Trygg
Sander Vallestad

15. MAI KL. 10.30

Mia Anfindsen
Mathias Berg
Markus Berntsen-Eriksen
Maja Alise Birkeland
Joel Ekanger
Madelen Frisk
Emma Sangolt Hagenes
Linnea Midttveit Haugland
Emeline Hjelme Heggøy
Adrian José Lagaso Johansen
Karianne Kleppe
Bettina Cordelia Larsen
Malin Lønningen
Linnea Lønøy-Stephansen
Kasper Tellnes Molland
Joachim Nybøe
Rezija Darta Rituma

Marielle Rodrigues
Frida Ødegård Rolland
Emily Schmidt-Sjursen
Anne Helen Wolska Sæve
Jakob Toft
Sara Kristine Turøy

15. MAI KL. 12.30

Julie Hordvik Aloysius
Maria Angel Movilla Anaya
Charlotte Askeland
Erling Jenssen Byrkje
Adrian Helle Ekerhovd
Ragnhild Ekerhovd
Milla Fjellstad
Andreas Wåge Hansen
Max Holm-Hellesøy
Juli Helen Johansen Klungtveit
Amine Dihle Larhlid
Harald Andreas Lie
Ole-Kristian Lie
Dina Lie Mjøs
Nina Mjåtvedt
Sander Bildøy Pedersen
Fiona Riise
Jakob Langeland Risa
Isabella Elise Straume
Signe Johanne Wergeland
Ådne Blaaflat Ytrenes
Ingrid Aminda Midtkandal Østenstad

FOLDNES KYRKJE

30. APRIL KL. 10.30

Sarah Ersvær Arefjord
Andreas Brensdal-Ekren
Ayleen Gjertine Ebbesvik
Celine Hansen
Sondre Berg Johansson
Janne Birgitte Hus Karlsen
Henriette Kvamsdal Kristoffersen
Caroline Landro
Karina Lokøy
Lilly-Anne Thomassen Moe
Aleksander Pongkan Snekkevik
Noah Steen-Haukås
Angelica Strandmark
Marius Nicolai Wik Straume
Martine Josefine Sunde
Sjur Hageberg Sæthre

30. APRIL KL. 12.30

Malene Bølstad Borthen
Madelen Salemonsens Bruland
Hans Hatleli Buch
Tobias Arefjord Børtveit
Sofie Nilssen Ekerhovd
Noah Fredrik Friis
Isabel Skare Halleråker
Dennis Berntsen Haavik
Emma Hamre Karlsen
Milene Røsæther Knudsen
Hugin Evenstad Kvalsvik
Johan Hordvik Rong

Amalie Seim
Asgeir Olsen Seim
Lana Solberg
Malin Johnsen Vindenes
Emilie Bjerke Vågane
Hanna Mathea Skjold Wiig

7. MAI KL. 10.30

Adrian Riise Andreassen
Daniel Berge
Dennis Berge
Julianne Wisnes Eik
Stein Troy Folkestad
Elias Tøkje Hauge
Fredrik Høisæther
Magnus Sture Johannesen
David Mikal Johansen
Elina Krossnes
Vilde Hansen Lervåg
Jonas Bruvoll Monsen
Thidawan Phrompukdee
Mari Ristesund
Sofie Rundhovde Sletner
Emily Stiegler
Lars Jakob Vikanes

7. MAI KL. 12.30

Hans Peder Anonsen
Tobias Bertelsen-Frotjold
Noah Aleksander Lie Bjørøy
Gabriel Tomas Bjørkhaug
Ulrik Berger Ellingsen

Andreas Pingzhou Fondenes
Ferdinand Bland Green
Nora Elisabeth Misje
Nora Mjøs
Aiden Morland Nettetstad
Felix Nielsen
Elise Knutsen Nilsen
Maylen Sunde
Jenny Vangsnes
Jessica Mari Ølnes

8. MAI KL. 10.30

Aleksander Unneland Blichfeldt
Daniella Cassandra Bull
Mia Kjelby Flermoen
Jørgen Knudsen Foldnes
Ole Aron Foldnes-Dale
Sindre Gjuvsland
Karen Hagenes
Yosef Haile
Siri Haugsdal
Erlend Støfringshaug Horge
Kevin Eeg Johnsen
Miranda Gavlen Johnsen
Dennis Sandvik
Nadia Sofie Markhus Sørensen
Linn Sørensen
Vilde Sørensen
Leon Nikolay Gavlen Søråa
Henrikke Kolbeinshavn Tuvin
Lotta Steensæth Tørum

LANDRO KYRKJE

7. MAI KL. 10.30

Christoffer Eltvik Andersen
Caroline Møgster Austbø
Ingrid Angela Eide-Skutlaberg
Mathilde Misje Eliussen
Benedikte Kleppe Forland
Tobias Hansen
Ronja Haugro
Lenea Kårtveit
Andrine Landro Lie
Nathalie Misje
Trym Spjeld Misje
Gaute Nymark
Adriana Quispe
Eir Bjørøy Rauø
Tobias Sigvathsen
Leander Løseth Telle

8. MAI KL. 10.30

Sander Dale
Sophia Grønvold
Eva-Christin Hagen
Sander Hammer
Ruben Landro
Tobias Sletten Lervik
Lene Angelica Lunde
Andrine Meslo
Henrik Nordvik Misje
Vetle Olsen- Solsvik
Frøya-Mariell Schelander Sewe
Madeleine Fossdal Solsvik
Stian Aske Solsvik
Liam Emiel Spjeld
Maren Lilletvedt Toft
Troy Oskar Ulvedal Østrem

8. MAI KL. 12.30

Sindre Arefjord
Benedikte Nipen Berentsen
Malene Eide-Hellesund
Maja Madelen Evensen
Mathilde Forland
Odd-Marcus Bredsten Gjerstad
Kevin Hagenes
Mia Herland
Kaja Landro
Jonas Lønøy
Mikael Ormseth-Hansen
Anna Victoria Snekkevik
Jonas Czysz Solheim
Leon Stahl
Valentino Bye Vevle
Malin Vågheim

Glimt frå basar

Laurdag 12. mars var mange samla til basar i Landro kyrkje.

TEKST: TOVE KARIN ANGELTVEIT

FOTO: BJARTE NESE



Sola skein ute, og inne var det fullt av glade, forventningsfulle barn, vaksne og eldre. På borda stod det deilig heimebakst, det lukta kaffi og dei glade tonane frå Landro barne- og tweenskor fylte rommet. I sidesalen stod alle dei flotte gevinstane og venta på nye eigarar. Årene var klare, og loddbøkene fyltes opp. Prosten var på plass. Det var verkeleg klart for basar!

Og for ein basar det blei!! Ein fantastisk ettermiddag! Folk støtta opp om basaren med å tømme boksane for årer – to gonger! Masse flotte gevinstar fann vegen til glade vinnarar.

Prosten minte oss på å vera der for kvarandre, slik den barmhjertige samaritan tok vare på han som falt i hendene på røvarar. Vi står overfor ei vanskeleg tid, der mange må flykte frå landet sitt. Nokre av dei kjem snart til vårt nærmiljø – ta imot dei, inkluder dei i livet vårt.



Inntektene frå basaren går til å oppgradere uteområdet rundt kyrkja, i eit samarbeid med det diakonale prosjektet «VEKST». Basargruppa vedtok at inntektene frå den andre åretrekkinga skulle gå til hjelpearbeid i Ukraina som blir drive av Kirkens Nødhjelp. Det betyr at 18.000 kr blir sendt til dei.

Vi har ikkje dei endelege inntektene, men vi kan vel konstatere at basaren var ein suksess!

Det vi sit att med er TAKKSEMD. Vi er heldige som har så mange flotte folk som stiller opp og bidrar på alt frå kaffikoking, rydding, rigging, baking, gevinstar, leiing, sal, musikk, song m.m. Tusen takk til bedrifter, butikkar og frivillige som donerte gevinstar. Takk til alle som tok lodd og kjøpte årer. Takk til kvar og ein som kom og gjorde at det blei ein fantastisk basar!!

Ute-torsdag

Velkommen til arbeidsfellesskap i felleshagen bak Landro kyrkje torsdagar kl. 18-20. Her vil vi dyrke, gjere og lære ting saman mens vi er med å forme uteområdet ved kyrkja. Vi møtast ved bålpanna bak kyrkja. Alle som vil kan kome! Det er kjekt når ulike generasjonar kjem saman.

Ynskjer du meir informasjon eller har innspel, ta kontakt med Maria Wergeland 924 08 805 eller mail mw284@kyrkja.no

Ute-torsdag er ein del av prosjekt VEKST.

Årsmeldingar

Årsmeldingane for 2021 ligg tilgjengeleg på nettsidane:

kyrkja.no/oygarden/arsmelding

DEN NORSKE KYRKJA

Aksjon Godheit for 8. gong

- Vi vil setje av tid til å spreie godheit fordi vi trur at "Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda"! Godheitsaksjonen 2022 vert arrangert tysdag 10., onsdag 11. og torsdag 12. mai, kvar dag kl. 17-20.



Vi vil bruke tre ettermiddagar i mai for å vere med å spreie glede og for å gjere verda til ein betre stad, seier dei ansvarlege for Aksjon Godheit 2022 frå kyrkjelydane Saron, Metodistane, Sund, Fjell, Foldnes og Landro.

Tre ettermiddagar i mai tilbyr vi gratis assistanse med oppgåver som til dømes:

- husmaling utandørs
- husvask utandørs
- plenklipping
- hekkklipping
- baking og utdeling av bollar
- bilvask på parkeringsplassen ved Fjell kyrkje
- montering av hagemøblar
- rydding i hagen
- og liknande praktiske oppgåver

Vi vil prioritere hjelp til eldre menneske, einslege forsørgjarar og innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskja sine.

Dette gjer ein ganske enkelt ved å ringje til kyrkjekontoret på telefon 400 03 316 eller sende ein e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:oygarden@kyrkja.no)

Om du kan tenkje deg å delta som medhjelpar på Aksjon Godheit 2022, kan du melde deg på på same måten.

Loke på T8

Kyrkjebladet fekk lov å bli med Loke og Kine Årnes på T8-dag i Foldnes kyrkje.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Det er laurdag ettermiddag og Loke sit ved eit bord inne i kafeen i Foldnes kyrkje. Han har fått utdelt ein tøypose og nokre tusjar.

I dag er det T8-dag, og alle som fyller 8 år i år er inviterte til kyrkja. Tema for dagen er "bøn" og 8-åringane med føresette får bli med på ei bønnevandring med ulike postar gjennom kyrkja.

Loke bestemmer seg for å heidre besteforeldra på posen, med namnet til farfar inni eit hjarte på eine sidan og farmor på andre sida. Farfar får eit kors under namnet sitt, han døydde for to år sidan. Nedst på posen teiknar han to flotte skip: Titanic og søsterskipet Britannic. Med mange detaljar på teikningane kan ein fort sjå at dette er noko Loke har ei stor interesse i. – Britannic var eit sjukehuskip, forklarar Loke medan han teiknar små kors langs skipet.

Mamma, Kine Årnes, fortel at ho sjølv vaks opp med å gå på søndagsskulen og ho vil gjerne at barna hennar skal få vere med på liknande arrangement i den alderen. – Vi prøver å gå på dei fleste T-dagane, men det er ikkje alltid like lett å få til, seier Kine. Pappaen til Loke er fiskar og er ein del borte på jobb. – Med fire barn er det fint å få ein dag saman med eit og eit barn og gje dei heile fokuset!

Undar bønnevandringa får dei med seg forskjellige småting, mellom anna eit lite lys, såpeboblar og ein terning, og alt blir lagt oppi tøyposen. Med seg får dei også små kort med tekstar, bøner og songar. Ein av songane er "Måne og sol", og Kine kan fortelje at den blir det kjekt for Loke og farmor å synge, for dei er veldig glad i å synge saman.

Loke og Kine er begge einige om at det har vore ein fin dag i kyrkja. – Vi har kost oss! Og så synest eg at det er godt med ei påminning om det som ble sagt under dåpen, seier Kine smilande.



For to år sidan tente Loke eit lys saman med presten i bisettinga til farfar. Å få tenne eit nytt lys under bønnevandringa i dag var ei fin påminning.



På ein av postane får dei utdelt såpeboblar. Då kan dei be ei bøn og blåse alle boblane opp til Gud.



Kine har gledd seg til å få smake på "bønekringlene" dei får utdelt på siste post. Med seg i posen får dei nokre av ingrediensane og oppskriften til å lage kringlene heime.

Frivillighetens år

2022

Frivillighetens år 2022 skal feire Norges viktigste lagarbeid!

Alle lag, foreningar, frivilligsentraler, kommunar og andre samarbeids-partnarar er invitert med til å synliggjere og aktualisere frivilligheten, auke kjennskap og anerkjenning og til å få fleire med! Her kan lesarane av Kyrkjebladet få møte eit knippe frivillige knytt til Fjell kyrkje.



Malene Mortensen.

Jeg er så heldig å få være dirigent for Fjell Barnekor!

Det dukker opp mange magiske øyeblikk når man er dirigent for et barnekor, men det er noen øyeblikk som fester seg mer enn andre. Et eksempel på dette er når en forelder forteller meg hvordan barnet deres har øvd på en sang hver eneste dag frem mot en konsert. Å synge i barnekor var en viktig og fin del av oppveksten min, og jeg ønsker å gi barna like trygge og gode opplevelser som jeg fikk. At barna koser seg såpass mye på korøving og ser frem til opptredener i så stor grad at de øver hver dag frem mot en konsert blir for meg et slags bevis på at jeg kanskje har klart å gi dem nettopp dette.

Det er øyeblikk som dette som gjør at det er så givende å være frivillig, nettopp fordi jeg kan se med egne øyne hvor stor forandring lille meg kan være med på å skape. Hvis jeg har vært med på å gjøre en forskjell for en person, ja, da har jeg gjort noe virkelig stort.



Eg heiter Eigil Nødtvedt

og har delteke som frivillig i Fjell med kyrkjekaffi, kyrkjevandring, konfirmant-arbeid, bilete-

anlegg, sokneråd og Aksjon Godheit. Eg likar dugnadsarbeid som samlar og styrkjar kyrkjelyden. Mange gjer ein liten innsats på ulike felt - til saman vert dette eit løft som kjem heile kyrkjelyden til gode. I Godheitsaksjonen er det fasinerande å registrere kor glade og takksame folk vert når nokon strekk ut handa og tilbyr litt hjelp eller nokre bollar.

Eg vert glad sjølv når andre set pris at du gjev ei lita handsrekning, ein kopp te eller kaffi, ein kjapp bilvask eller tek medansvar for leiinga av kyrkjelyden. Det gjev ei uforklarleg, men god indre lukke.



Mitt navn er Kim Eirik Aase,

og jeg er med som frivillig fordi jeg syns det er en givende jobb, der jeg får lov til å være med

å bidra til et godt miljø for barn og unge. Jeg er med på ungdomslørdag, T-dager, leirer og av og til med på Tweens.

Mine roller er alt fra å være med som leder, ha alt fra quiz til underholdning og gøye aktiviteter eller bare mingle

og passer på at alle har det bra. Jeg er med på å være en trygg og engasjert voksen for at barn og unge forhåpentligvis skal få en kjekk og minneverdig kveld.

Det jeg liker best med dette er å se barn og unge som blomstrer og utvikler seg til å bli gode medmennesker for andre. Jeg engasjerer meg som frivillig, fordi jeg vil gi barn og unge et fint og trygt miljø, der de kan være seg selv og bli gode medmennesker for andre.



Mitt navn er Anette Heie

og jeg er med som frivillig på T-dager og tweens. En av hovedoppgavene

mine på tweens er å se til at alle har noen å være med og at ingen går alene. På T-dagene er en av oppgavene mine å være leder og lede en gruppe eller være på en post og hjelpe de som kommer.

Jeg liker at jeg får være med på å veilede de på en måte og se de så glade, jeg liker også veldig godt å ha en plass å være med vennene mine

Jeg engasjerer meg som frivillig fordi at jeg synest det er gøy. Jeg gikk på tweens når jeg var på deres alder og syntes det var veldig gøy. Denne muligheten vil jeg at de også skal ha. Jeg får en god følelse av å gjøre en forskjell for noen.



Arne Bjørøy. Eg er med som frivillig i Fjell på litt ulike sett. Eg er medliturg på fleire søndagar i Fjell. I denne

tenesta har vi faste ledd i gudstenesta som vi tek del i. Så hjelper eg også til med kveldsbøn på onsdagskveldar i Fjell. Og så er eg del av frivillig-team som bistår ved besøk av 3. klassane i kyrkjene. Her går pensjonerte pedagogar inn og er vaksen-person og representerer vertsskapet i kyrkja i eit velorganisert opplegg.

Opplegget for elevane har som målsetjing å bli kjent med «kyrkja mi», og elevane blir ført rundt til altarpartiet, dåps-sakristiet, orgelet og kyrkjetårnet av oss frivillige.

Personleg set eg svært stor pris på å få høve til å bidra til arbeidet i Guds rike i kyrkjene våre! Eg er også svært takksam for å bli inkludert i eit godt fellesskap rundt tenestene! Skulle

gjernje ønska mange fleire kom med som frivillige!



Sigrunn Bergsvik.

Eg er med som kyrkjevert, tek imot folk i kyrkja og lager til kyrkjekaffi på søndagar.

Og så er eg med i frivilligutvalet i

kyrkja, der vi planlegg og tek ansvar for litt ulike ting saman. For eksempel juletreffest og utlodning til inntekt for TV aksjonen kvart år.

På onsdags føremiddagar tek eg folk med på tur i nærområdet. Eg er glad i folk, og likar ting som skapar fellesskap. Det å komme seg ut saman, trimme, prate, skoje og nyte naturen i lag, ja det er verkeleg givande. Vi går på oppdaging saman, og lærer nye løyper. Etter onsdagsturen lagar vi kaffi og vafler til dei som vil. Og så har vi ei fin samling med middagsgbøn i kyrkjerommet kl. 12.00. Onsdagen er dagen for påfyll. Det er kjekt å vere

ein del av eit fellesskap. Kjenne at eg får være meg, og bidra i kyrkja. Er gjev litt av mitt, men får så mykje meir att, synes eg.



Mitt navn er Torunn Svennevik.

Eg er frivillig i Fjell kyrkje som søndags-skuleleiar. Eg synest det er

kjekt å møte barna som kjem på gudsteneste. Det er så viktig at dei får høyre bibelfortellingane og bli sett. Det er magisk når barna syng av full hals på søndagsskulen, og når dei sit og følger med på det eg fortel. Dei har også mange gode spørsmål og tankar som dei vil dele.

Når eg er med som frivillig føler eg på eit eigarskap til kyrkja og det arbeidet som blir gjort der. Eg får påfyll ved å bli invitert med på kurs og inspirasjonssamlingar.

Kjente og kjære nordiske salmediktarar

— MØRKE OG LJOS —

Velkommen til Songkveld med Landro songseptett og allsong! Andakt ved Dag Olav Bjørøy

Landro kyrkje
onsdag 20. april
kl. 19.30

DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn



Fredag 8. april vert det *påskekonsert* i Foldnes kyrkje kl. 19!

Det er songaren Leif Jone Ølberg som saman med far sin, Lars Bernhardt Ølberg, framfører musikk for påsketida, mellom anna ariar frå Händels Messias. Dei er på ein liten før-påske turnè i Vestland.

Vel møtt til fin konsert i Foldneskyrkja.

Inngang kr 250

PÅSKEKONSERT



- RAMP sitt dyktige husband
- The Gospel Singers
- Kirkens gospelkor Lokal Vokal
- Solveig Mo, Bergljot Gjedrem og Jon Anders Sollien
- Påsketanker av sokneprest Maria Tveten



FOLDNES KYRKJE

5. April 2022 kl. 19.30

Nyt variert musikk og lytt til foredrag som kan gi rom for ettertanke

Fri entre – åpent for alle
Velkommen!



Babysong

Fjell kyrkje

Kvar måndag kl. 12.30-14.30.
Påmelding til Vibeke Supphellen på tlf. 975 78 956.

Landro kyrkje

Kvar onsdag kl. 12.30-14.30.
Påmelding på epost til tove.angeltveit@kfuk-kfum.no

Foldnes kyrkje

Annankvar måndag (partallsveker) kl. 11.30-13.30
Påmelding: www.kyrkja.no/oygarden/babysong

Følg med på facebooksidene til "Øygarden KFUK/KFUM åpen barnehage" og "T-dagen" for meir info.

Velkommen!




Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Glimt frå T8!



T8 Bøn

Laurdag 19. mars var det T8-dag i Foldnes kyrkje. Andreklassingane og deira føresette fekk vere med på ei fin og variert bønnevandring i kyrkja. Vi trilla terning, teikna, åt «bønekringle», song ulike songar, tente lys og mykje meir.

Velkommen til T13!

Laurdag 23. april kl. 16-19 er det T13-dag i Foldnes kyrkje for alle som er fødd i 2009!
Det blir mat, forsoning og aktivitetar:
Ten sing, (instrument ol), KRIK: kano, SUP-brett, klatring
Klubb: spel, bordtennis, hobby
Du får møte kjekke ungdomsleiarar og kan eventuelt bli med på Ungdomslørdag vidare frå kl. 19

Følg med på facebook og nettsidene våre for meir info og påmelding: www.kyrkja.no/t-dagen



Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

(blom) (d) (g) (u) (y)
Tlf. 56 32 08 90 hele døgnet
C:\Users\Klaga\Documents\2323\2119111111

SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Fjell-ly Leirstedet til IMF
Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted
Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no

Din lokale elektriker!

Thunestvedt

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210

Vestgar
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 - Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75

Bergen Omegn
BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden
Espen Polden
Heine Polden
Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

Godfoten
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på
www.godfoten-as.no Vi har gavekort!

Bjorgvin Døgnvakt 55 20 23 00
BEGRAVELSESBYRÅ www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

v:pps

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511

Basecamp RePro: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

Takk for di gåve!

Faste aktiviteter i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar måned kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Pause våren 2022 - med unntak av Påskekonserter 5. april.
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar måned kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørtdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus tlf. 920 89 740
- Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Knut Erling Gammelsæter tlf. 473 97 939
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakveldar, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Morgonbøn:** Kvar onsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Torsvik tlf. 909 37 169
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Sognie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

Vokalensemblet

- Sotra reviderte:** Pause våren 2022.
- Øygarden kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund tlf. 408 73 642
- Fjell barnekor:** Barnekor over annankvar tysdag (oddetsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Bønefellesskap:** Kvar tysdag kl. 20.00.
- Bibelgruppe:** Kontakt: Jan Frank Christiansen leirkar@gmail.com
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437



Øygarden kyrkjebrass

Visste du at kirken i Øygarden har sitt eget brassband?

TEKST: HEIN KVALHEIM
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

Annenhver torsdag møtes spilleglade musikanter i Fjell kirke til øving. Målet med spillingen er både et godt fellesskap rundt musikken og mulighet til å fylle ut det musikalske bildet i kirkene i Øygarden.

Ved siste årsmøtet ble navnet på brassbandet endret fra «Fjell kyrkjebrass», som det ble stiftet som i 2007, til «Øygarden Kyrkjebrass». «Da signaliserer vi at vi er til for hele storkommunen» sier leder for kyrkjebrassen, Rune Lynglund.

Repertoaret er alt fra tradisjonelle salmer til svingende marsjer og scenen er fra kirkegulv til Fjell festning der kyrkjebrassen har tradisjon for å spille til gudstjenesten 2. påskedag. Et av høydepunktene var fellesgudstjenesten i forbindelse med kommunesammenslåingen i 2020 og med det må det vel sies at ingen scene er for liten og ingen for stor. Til vanlig er vi 10-12 musikanter, men tar gjerne inn nye musikanter som har lyst til å spille sammen med oss. «Nivået er ikke farlig høyt» sier Lynglund med et smil.

Om du kunne tenke deg å spille sammen med denne flotte gjengen annenhver torsdag i oddetallsuker fra kl. 19:45 til kl. 21:30 kan du ta kontakt med leder Rune Lynglund på tlf. 408 73 642 eller dirigent Olav Sørheim på tlf. 926 15 988.

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –



SØNDAG 3. APRIL

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, søndagsskule for dei minste, offer til Himalpartner.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, søndagsskule/-ring, offer til Kirkens Nødhjelp.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

PALMESØNDAG 10. APRIL

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, offer til KIA Norge.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Sjømannskirken.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

SKJÆRTORSDAG 14. APRIL

Fjell kyrkje kl. 19: Kvelds-gudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Sjømannskirken.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, nattverd, offer til eige arbeid.

LANGFREDAG 15. APRIL

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese.

1. PÅSKEDAG 17. APRIL

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

2. PÅSKEDAG 18. APRIL

Fjell festning kl. 12: Friluftsgudsteneste ved Morten Torsvik.

SØNDAG 24. APRIL

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, delt søndagsskule, offer til misjonsprosjekt Thailand/Laos.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp, søndagsskule/-ring, offer til Stefanusalliansen.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd, ope offer.

SØNDAG 1. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp, offer til eige arbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til Menneskeverd.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Basecamp.

SØNDAG 8. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, søndagsskule for dei minste, offer til Wycliff.

SØNDAG 15. MAI

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp, søndagsskule/-ring, offer til eige arbeid.

TYS DAG 17. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, offer til søndagsskulen i Fjell kyrkje.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Maria Tveten, offer til Stefanusalliansen.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, offer til Kirkens SOS.

SØNDAG 22. MAI

Fjell kyrkje kl. 12: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd, delt søndagsskule, offer til Opne dører. Det blir pilegrimsvandring frå Morland til kyrkja kl. 10.

Foldnes kyrkje kl. 11: Jazz-gudsteneste, ved Maria Tveten, offer til musikkarbeidet i kyrkjelyden. NRK radiogudsteneste med oppmøte kl. 10.45.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Knut Kaldestad, dåp og nattverd, offer til Misjonsprosjekt med NMS i Thailand.

SØNDAG 29. MAI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp, delt søndagsskule.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste, ved Knut Kaldestad, nattverd, søndagsskule/-ring, offer til KRIK.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Tro og Medier.



LIVETS GANG

DØYPTE

Fjell kyrkje
30.01.2022

Jacob Sandnes-Dale
Mie Loeshagen Lofthus
Henry Stamnes Bakke

05.02.2022

Eline Kopperdal Johnsen
Vilde Van der Meeren-Kristiansen
Eveline Eikefet Myredal
Liam Othelius Haugjord
Theo Braun Nordin

13.02.2022

Maren Lie Skålevik
Klara Johanna Kringlen
Alexander Benjaminsen
Erik Andersen
Chrisna Andersen
Matheo Cabaldo Bjørsvik
Sebastian Arefjord

Foldnes kyrkje

22.01.2022

Isak Vedøy Aldal

06.02.2022

Noah Midttveit
Gabriel Syrstad
Oscar Grindeland Kolltveit

26.20.2022

Alma Caroline Løvmo Lynghaug

13.03.2022

Leo-André Breivik

Landro kyrkje

30.01.2022

Sofie Sørheim Holmedal

20.02.2022

Ivo Bjørøy Johansen

06.03.2022

Johannes Landro

VIGDE

Fjell kyrkje

20.02.2022

Isabell Kårtveit og Ole-Martin Brekke

05.03.2022

Synnøve Kopperud og Simon Lødemel

Landro kyrkje

26.02.2022

Helene Iversen og Stian Olsvik

DØDE

Fjell kyrkje

Anne Margrethe Ulveseth Skogmo f. 1951
Helene Kristine Knapskog Madsen f. 1958
Bjørn Spilde f. 1946
Linda Covarrubias f. 1987
Trond Horten f. 1971
Laila Algrøy f. 1944

Foldnes kyrkje

Berit Karin Madsen f. 1949
Bjørn Garnes f. 1936
Morten Schütz f. 1967
Bjarne Abrahamson Kraakenes f. 1937
Haakon Sætersdal f. 1944
Evy Oma f. 1944
Kari Lie f. 1952
Olaug Marie Bjørøy f. 1936
Ellinor Haugland f. 1930
Britt Irene Sundt f. 1951

Landro kyrkje

Arne Misje f. 1952
Nils Dyrøy f. 1933
Magda Jørgine Solsvik f. 1921
Tom Nesse f. 1974
Lisel Midthus f. 1949
Ragnhild Solsvik f. 1939

Vår Herre Jesus Kristus seier "Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leve om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARANE

Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@gmail.com

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve 473 04 530
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse 924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese 915 32 437
Sokneprest Maria Tveten 450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik 909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad 977 24 017
Diakon Astrid Fylling 971 75 733

FÅR DU IKKJE KYRKJEBLADET?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Kyrkjebladet i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller **post.oygarden@kyrkja.no** ved manglande levering.

TAKK

I forbindelse med Raket Bjørøy sin bortgang, kom det inn kr 8.450 i minnegåve til Landro kyrkje sitt arbeid. Hjarteleg takk for gåva!

Landro sokneråd

Sjå oversikt over konfirmasjonsgudstenestene på s. 6-7

Vi tek atterhald om at endringar kan komme, følg med på nettsidene:

WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN

Barne- kryssord



Vannrett:

1. Lykkelig
5. Jentenavn
7. Leif Nesset
8. Sveve
9. To like
10. Lars Lie
11. Preposisjon
14. Jentenavn
15. Jentenavn
17. Den første hagen
18. Eden
19. Respekt

Loddrett:

1. Der sto et kors
2. Trist dag
3. En Prøysen
4. Krydderurt
6. Koke bær
12. Sitte på hest
13. Jentenavn
16. Yrke
18. Eie

Bli med i trekninga
av hamburger med
drikke og dessert for
4 personar på Burger
King Sartor!



Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 10. mai


Vinnar av Barnekryssord
i nr. 1 – 2022:
Adrian og Frida Bergjord Ekerhovd
frå Ekerhovd

Namn.....

Adresse.....

.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



TA GODT IMOT BØSSEBERARANE 3. APRIL

Gje fleire barn som Alefa
reint vatn og ei framtid

For 250 kr gjev du eit menneske
varig tilgang til reint vatn

VIPPS til 2426
eller gje til konto 1594 22 87493

Fasteaksjonen til Kirkens
Nødhjelp 2022



KIRKENS NØDHJELP
actalliance